

Årsmelding for 2021 – Prestgardshågein



Figur 1 Dronning Ingrid pyntar opp verandaen



Figur 2 Kvite georginer m.m. ved hovudinngangen

Prestgardshågein er eigd av Vågå historielag, men er drifta som ei underavdeling.

Kontonr. 2085 25 80756 og Vippsnr. 520188.

Unn Bostad sa frå seg hovudansvar for hagen i 2017, og arbeidsgruppe med Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Live Hosar organiserer arbeidet. Prestgardshågein er på Facebook, der det i løpet av året er lagt ut informasjon og bilde frå aktiviteten. I 2019 vart det også oppretta eige heimeside under Vågå historielag, denne er styrt av Nils Valde, men stoff blir innlevert frå leiar i gruppa.

Hagen består av fleire avdelingar – og er godkjent som ein historisk hage. Unn Bostad har laga ein skjøtselsplan som viser skjøtsel av plen, staudebed, rosebed, fjellhagen, urtehagen, buskar og spirealysthus, tre, frukttre og grusgangar. Vidare tar skjøtselsplanen for seg vedlikehald av utstyr, installasjonar og konstruksjonar. Skjøtselsplanen blir oppdatert årleg. Det blir arbeid for at området i Ullinsvin skal vere innbydande, og større og mindre krukker med blomar blir også stelt i løpet av sommaren.

Utstillingar, anna aktivitet og kafedrift i Ullinsvin har og ført til auka besøk i hagen, og omvendt:
Sommar 2021:

- Hamsunfantasier i galleriet/ Homo Gudbrandalus i låven, Gudbrandalsmusea i fjøset med utstilling av vevnad til Rakel Onsum Berg og maleri/kartongar av Trygve Håkenstad Rakel Onsum Berg, og på låven/Vågå historielag hadde utstilling av ulik gardsreiskap på gallerilåven/Vågå husflidslag hadde utstilling i studeren samt ulik aktivitet i hovudhuset laurdagar.

Hausten 2021 i galleriet:

- Ingvar Moi «Når trærne blir mine» og Tore Lund-Blindheim «Tulipanvariasjoner»
- Kjell Andersen – bilde

Kafedrift: Jill Horten hadde hovudansvar for kafeen i sommar.

Jul i Ullinsvin:

- Samarbeidsutvalet for Ullinsvin stod bak opplegget i år, der Prestgardshågein stod ansvarleg for kostnad med pynting ute med dørkransar mm, og medlemmar frå Prestgardshågein – Magnhild og Ågot Råstad - hadde baking av lefser til inntekt.

Hagegruppa:

Denne sesongen har vi hatt 30 frivillige, delt i 4 grupper med ei arbeidsveke kvar, Jens Hagen og Olav Kleppe m.fl. har hatt ansvar for kantklypping og anna vedlikehald. Per Stabell har vore kompostansvarleg, og Merete Bjørnstad har vore med Unn Bostad med skilting. Alle i hagegruppene har hatt gratis inngang på utstillingane, og gratis kaffe i kafeen i sommar.

April –

- Oppstart for sesongen med dugnad 27. mai. På grunn av coronarestriksjon var gruppene fordelt med to timar kvar, frå kl.10-12, 12-24, 14-16 og 16-18. Tor Sandbu stilte med hengar for lauv og anna avfall. Bord og stolar vart vaska og sett på plass, lysthuset vart vaska og georgineknollar vart selde via facebook.

Mai –

- Kjell Løkken reparerte baldakinene, Jorunn Vesterås måla. Elles var gruppene i sving.
- Linåkeren til Bjørg Schulz vart flytta til hagen ved forpaktarbustaden.

Juni -

- Opning av utstillingar i Ullinsvin førte til behov for ekstra pynting.
- Vi starta med avleggjarauksjon, som vara heile sommaren.
- 16. juni var vi invitert til Kongsvoll til gjenopning av fjellhagen, og her deltok Live Hosar, Unn Bostad, Per Stabell og Bjørg Schjulz.

Juli –

- Alle hagegruppene i aktivitet

August –

- 19. august vart det arrangert tur til Haukdalen, Kitty Wentzel sin kunstnarheim, ho var gift med målaren Gustav Wentzel. Liv Tone Marstein Kveen tok i mot og viste oss rundt i hagen og vi avslutta med kaffe og kake inne i eine tømrastugu. Ni frå hagegruppa møtte .

September –

- alle i hagegruppa invitert til ny utstilling i Ullinsvin

Oktober –

- 22. oktober var det haustdugnad. Stolar og benkar vart vaska og tatt inn. Ein del møblar med behov for måling vart lagra i hovudbygningen. Her møtte 11.

November –

- Pynting til julemessa

Desember –

- Alle i hagegruppa fekk julerose som symbolsk takk for innsatsen.

Økonomi:

- Brosjyrer om hagen er lagt ut i ei kasse ved hagen. Frivillig kjøp er sett til kr 25,-, elles er det lagt opp til frivillige gåver gjennom bruk av t.d. VIPPS eller låst «postkasse» i hagen.
- Vi samarbeidde om julemessa siste helg i november, og her er det avsett kr. 5.000 til julemesse 2022. Samarbeidsutvalet vil også ha basar til inntekt for denne.
- Vi har fått tilskott etter søknad frå Vågå kommune - kr. 4.000,-, og frå Sparebank 1 Lom og Skjåk – kr. 1.500,-. Inntekt frå arrangement kr. 11.702,- (del av inngangspengar i Ullinsvin) samt sal av blomar kr. 9.707,-. Mva-kompensasjon kr. 6.742 – totalt kr 33.651,-.

- Utgifter har vore kommunale avgifter kr. 4.932,-, kjøp av utstyr og rekvisita kr. 15.245,- og vedlikehald anlegg kr. 3.639, brosjyrer kr. 26.015,- og div kostnad kr. 9.825,- - totalt kr. 59.656,-.
- Prestgardshågein har pr. 31.12.2021 eigenkapital på kr. 49.270,- .


Mange har vore innom hagen i løpet av sommarhalvåret, og det blir sett stor pris på det arbeidet som blir gjort. På grunn av innsatsen til alle frivillige er hagen til kvar tid veldig fin.

Vågå 08.02.2022

Kari Hølmo Holen

Live Hosar

Magnhild Råstad



Figur 3 19. mai - fjellhagen



Figur 4 Bilde frå tur til Haukdalen



Figur 5 Nye stolar - montering v/Kai Valbjør den 18. mai



Figur 6 Avleggjarsal i juni



Figur 7 Magnhild og Hege i urtehagen



Figur 8 Kryptimian pyntar opp steintrappa



Figur 9 Kjell ordnar med baldakinane 25. mai



Figur 10 Live si gruppe i sving 5. august



Figur 11 Berit si gruppe i sving



Figur 12 14. oktober er det framleis blomar i hagen